

Månad: februar 2021

AKTIVITET

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 907	1 483	424	1 512	395	3 481	3 081	400	3 242	239
Tal utskrivne pasientar	81	79	2	92	-11	159	169	-10	201	-42
Polikliniske kons. m/refusjon	1 855	2 392	-537	2 316	-461	3 665	4 826	-1 161	4 546	-881
Rus										
Tal heildøgnsopphald	649	552	97	515	134	1 267	1 111	156	1 120	147
Tal utskrivne pasientar	17	20	-3	17	0	33	42	-9	40	-7
Polikliniske kons. m/refusjon	215	270	-55	217	-2	410	588	-178	484	-74
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	107	123	-16	137	-30	200	225	-25	312	-112
Tal utskrivne pasientar UPH	6	7	-1	6	0	15	14	1	13	2
Polikliniske kons. m/refusjon	1 464	1 577	-113	1 920	-456	3 037	3 392	-355	3 334	-297

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Registrert aktivitet innan PHV for vaksne i perioden var lågare enn plan for poliklinikk, men høgare for døgnopphald. Vi arbeider med å kvalitetssikre registrerte data, då det ser ut for å vere utfordringar med registrering av aktivitet knytt til overgang til DIPS Arena.

Innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har aktiviteten i perioden også vore litt lågare enn plan for poliklinikk, men høgare enn plan for døgnpostane.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore lågare enn både plan og same periode i fjor.

Beleggsprosent døgnsesjonar
Reell beleggsprosent, februar 2021, klokka 7

Institusjon	Klinikk	Post	Siste 12 mnd	I vald periode	Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd	Pasient på korridor
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Akutt Døgn, Psyk.Førde	87 %	85 %	-2 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	DPS Døgn Førde	80 %	81 %	1 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	DPS psykose Førde	2 %	2 %	0 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	ISP Døgn	59 %	74 %	15 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	NPS Døgn	67 %	73 %	6 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	NPS Rus	45 %	33 %	-12 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Ruspost Tronvik	63 %	62 %	-1 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Ungdomspost for psyk.helsevern	52 %	41 %	-11 %	0
Totalt			66 %	62 %	-4 %	0

ØKONOMI

Psykisk helsevern	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Basisramme	32 675	32 675	0	64 804	64 804	0
ISF egne pasientar	2 648	3 003	-355	5 404	6 311	-907
Gjestepasientar	500	506	-6	1 000	1 011	-11
Polikniske inntekter	29	17	12	51	35	17
Andre øyremerka tilskot	944	944	-1	1 840	1 969	-129
Andre driftsinntekter	788	745	43	1 430	1 547	-117
Sum driftsinntekter	37 584	37 891	-307	74 529	75 676	-1 147
Kjøp av offentlege helsetenester	-1 083	-536	-547	-2 053	-1 072	-980
Kjøp av private helsetenester	-76	-358	283	-76	-717	641
Varekostnader knytt til aktivitet	-642	-447	-195	-954	-893	-60
Innleige av personell	-505	-437	-68	-1 391	-874	-517
Løn til fast tilsette	-26 162	-27 185	1 023	-52 447	-54 359	1 912
Overtid og ekstrahjelp	-1 069	-648	-421	-2 476	-1 296	-1 181
Pensjon inkl. arbeidsgjevaravgift	-4 239	-4 239	0	-8 479	-8 479	0
Offentlege tilskot og refusjonar vedr. arbeidskraft	1 734	1 064	670	2 955	2 129	826
Anna løn	-3 603	-3 908	305	-6 968	-7 688	721
Andre driftskostnader	-2 741	-2 762	21	-5 060	-5 559	498
Sum driftskostnader	-38 387	-39 456	1 070	-76 948	-78 807	1 859
Driftsresultat	-803	-1 565	763	-2 419	-3 131	712

Denne perioden:

Totale inntekter i perioden er 0,3 mill. lågare enn budsjett.

I perioden hadde vi låge kostnader til kjøp av ordinære behandlingsslassar innan PHV og TSB i andre føretak, men vi betaler for ein tryggingsplass.

Vi har ikkje planlagt med å kjøpe tryggingsplassar i andre føretak i 2021, då vi har planlagt med bemanning i eigen tryggingspost frå 1.1.2021. Tilsetjingar får ikkje verknad før frå mars, så vi brukar mindre enn budsjettert på eiga bemanning i starten av året, medan vi vil bruke litt meir enn budsjett på kjøp av plassar i same periode. Samla sett har vi brukt mindre enn budsjett på tryggingsplassar i perioden.

Personalkostnadene er 1,5 mill. lågare enn budsjett i perioden. Vi brukar mindre enn plan på tryggingspost, men covidsituasjonen bidreg til meirforbruk på overtid og ekstrahjelp på andre seksjonar. Denne kostnaden i perioden er på nivå med det vi har hatt gjennom hausten 2020.

Sum driftskostnader i perioden er 1,1 mill. lågare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er 0,8 mill. betre enn budsjett.

Til no i år:


Bokførte inntekter er 1,1 mill. lågare enn budsjett. Vi arbeider med å kvalitetssikre registrerte data, då det ser ut for å vere utfordringar knytt til overgang til DIPS Arena.

Totale driftskostnader er 1,9 mill. lågare enn budsjett til no i år. Kostnader til kjøp av behandlingsslassar i andre føretak har samla sett vore om lag som plan så langt i år, sjølv om vi har hatt kostnad med kjøp av tryggingsplass som ikkje har vore budsjettert. Personalkostnadene er til no i år 1,8 mill. under budsjett. Mykje av årsaka til mindreforbruket er at vi har budsjettert med bemanning på lokal tryggleikspost frå januar, medan oppstart vil skje frå mars. I tillegg har vi høgare refusjonar for sjukefråvær enn budsjettert.

Resultatet hittil i år er 0,7 mill. betre enn budsjett.


MEDARBEIDARAR

Månadsverk:



Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste tolv månader er 441. For eitt år sidan var dette talet 427.

Sjukefråvær:




Sjukefråværet var 9,0 prosent i januar mot 7,4 prosent i same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråvær siste tolv månader var 8,4 prosent. For eitt år sidan var dette talet 7,5 prosent.

KVALITET

Epikrise



Grunnlagstallene innen PHV


HF	Andel innen 7 dgr PHV	Andel innen 1 dag PHV	Innen 7 dgr PHV	Innen 1 dag PHV
HELSE FØRDE HF	92,7 %	41,5 %	813	364
PSYKISK HELSEVERN	92,7 %	41,5 %	813	364
INDRE SOGN PSYKIATRISENTER	74,0 %	33,3 %	71	32
NORDFJORD PSYKIATRISENTER	96,9 %	48,5 %	190	95
Psykiatrisk klinikk	94,3 %	40,5 %	549	236
PSYKISK HELSEVERN FOR BARN OG UNGE	100,0 %	33,3 %	3	1
Totalt	92,7 %	41,5 %	813	364

I februar var 92,7 prosent av epikrisene sende innan sju dagar, og 32 prosent var sende innan ein dag.

Korridorpasientar

Det er ikkje registrert korridorpasientar i februar 2021.


Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 248 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 22 dagar.

I same periode i 2020 var det 211 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 20 dagar.

Ventetid der behandling er starta i perioden



Dei 165 pasientane som har fått starta si behandling i perioden, har i snitt venta 35 dagar før behandlinga tok til.

I same periode i 2020 var det 140 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 32 dagar før dei fekk starta si behandling.

Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved periodeslutt
	Pasientar
Psykisk Helsevern Barn og Unge	0
Indre Sogn Psykiatrisenter	2
Nordfjord Psykiatrisenter	0
Psykiatrisk klinikk	0

To fristbrot ved Indre Sogn psykiatrisenter i februar. Dette skuldast kapasitetsutfordringar.